

**Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa**

# **Årsmelding for 2008**

# 1. Innleiing

Nynorsksenteret er etablert på Høgskulen i Volda. Frå august 2008 har senteret hatt elleve tilsette, fire i full stilling, fire i halv stilling og tre i mindre delstillinger. Senteret har framleis ein lite eigna kontorsituasjonen, då dei tilsette er spreidde på fleire hus ved Høgskulen i Volda (HVO). Statsbygg byggjer ny kontorfløy for HVO i 2009, så då ventar ein at kontorsituasjonen både for Nynorsksenteret og HVO vert betre.

Nynorsksenteret har i 2008 hatt eit utstrekt samarbeid med Utdanningsdirektoratet. Utkastet til *Strategiplan for nynorsk i opplæringa* var ferdig i januar 2007, men har vorte liggjande i Kunnskapsdepartementet. Stortingsmeldinga *Språk bygger broer* kom i mai 2008, og då ho vart kjend fekk Nynorsksenteret melding om å endre utkastet til strategiplan til ein tiltaksplan for Nynorsksenteret. Det omfattande utkastet til strategiplan, der mange aktørar med interesser i feltet nynorsk i opplæringa var involverte, vart lagt til side. Den nye tiltaksplanen vart ikkje ferdig i 2008. Det er uheldig at det har gått så lang tid før ein strategiplan/tiltaksplan er klar for Nynorsksenteret som no har vore i drift i over fire år. Tilsette på senteret har heile tida sakna ein godkjent plan for eit lengre tidsrom for arbeidet som skal utførast ved senteret.

I 2008 har aktiviteten ved Nynorsksenteret auka. Nettstaden til senteret er i stadig endring, og fleire nye tilbod er lanserte. Brukartala på vevsidene har hatt stor auke, og senteret satsar på at vevsidene skal vere sentrale i arbeidet med å styrkje nynorskopplæring over heile landet. Det er stor trong for digitale læringsressursar på nynorsk, og Nynorsksenteret vil samarbeide med fleire aktørar for å få fram meir og betre materiell for nynorskopplæringa.

Kursverksemda ved Nynorsksenteret har vorte omfattande i 2008. Kurshaldarane ved senteret har vore i aktivitet over heile landet, og lærarar både i grunnskule, vidaregåande skule og i lærarutdanninga har delteke på kurs Nynorsksenteret har arrangert. Nynorsksenteret har sidan august 2008 arbeidd for å utvikle ein nettbasert kompetansegejevande studiemodul for lærarar i nynorsk, der dei eksisterande kurstilboda frå senteret er med i utdanningsplanen. Nynorsksenteret håper med dette å heve kompetansen i nynorsk for lærarar både på etter- og vidareutdanningsfeltet.

FoU-prosjekta ved Nynorsksenteret vert rettleidde og vurderte av tilsette på senteret, og rapportar om resultata som er oppnådde er lagde ut på nettstaden til Nynorsksenteret. Senteret vil arbeide vidare med å finne gode formidlingsmåtar for dei resultata som kjem fram i FoU-prosjekta. Nynorsksenteret arbeider med å finne betre måtar å rettleie og vurdere FoU-prosjekta på.

Eg vil takke medarbeidarane mine på Nynorsksenteret for god innsats med mange og varierte arbeidsoppgåver.

Volda, februar 2009

Anne Steinsvik Nordal

leiar

## **2. Presentasjon av Nynorsksenteret**

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa har vore i drift sidan 1. januar 2005. Etableringa av senteret er ei oppfølging av Stortingsmelding nr. 30 (2003–2004) *Kultur for læring*, der det heiter:

”Departementet vil opprette et nasjonalt senter for nynorsk i opplæringen som et ledd i arbeidet med å styrke nynorsk” (s. 43). Senteret er organisert som eit § 18-tiltak. I §18 ”Driftsansvar for nasjonale oppgaver” i Lov om universitet og høgskoler står det:

*Departementet kan i samråd med institusjonen legge driften av en nasjonal fellesoppgave til en bestemt institusjon, uten at institusjonens egne styringsorgan har ansvar for den faglige virksomheten*

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, Nynorsksenteret, er lagt til Høgskulen i Volda. Fagleg styring og oppfølging av dei nasjonale sentra er delegert frå Kunnskapsdepartementet til Utdanningsdirektoratet.

Det er utarbeidd eit eige mandat for senteret, sjå [www.nynorsksenteret.no/mandat](http://www.nynorsksenteret.no/mandat).

Nynorsksenteret er i dag lokalisert ved nordisk institutt ved Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning i Berte Kanutte-huset på Høgskulen i Volda. Nynorsksenteret reknar Ivar Aasen-instituttet, Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning ved Høgskulen i Volda og Nynorsk kultursentrum i Hovdebygda som sine viktigaste lokale samarbeidspartnarar. Fagleg styring og oppfølging er lagt til Utdanningsdirektoratet, medan Høgskulen i Volda har det administrative ansvaret med personalansvar for senteret. Senteret har i dag ein leiar som har både fagleg og administrativt ansvar.

## Mål

Bakgrunnen for at Utdannings- og forskningsdepartementet i 2005 oppretta Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa er at nynorskopplæringa skal styrkjast, og at opplæringa i skriftleg nynorsk som sidemål representerer særlege utfordringar for norskfaget. Nynorsksenteret skal leie og koordinere arbeidet med å utvikle innhaldet i nynorskopplæringa. Mandatet som Nynorsksenteret har fått seier at senteret skal vere eit nasjonalt ressurscenter for nynorsk i grunnopplæringa. Som del av Høgskulen i Volda har senteret også som mål å bidra til å styrkje høgskulen sin faglege kompetanse på dette området.

## 3. Mål for nasjonale senter i 2008

I oppdragsbrevet frå Utdanningsdirektoratet stod det i 2008:

I sitt tildelingsbrev til Utdanningsdirektoratet for 2008 har Kunnskapsdepartementet presisert at sentrene i sterkere grad skal brukas i arbeidet med gjennomføring av de nasjonale strategiene. Mandatene gir overordnede føringer for sentrenes oppgaver og aktiviteter. I oppdragsbrev gir Utdanningsdirektoratet prioriteringer og utdypning ut fra sentrale statlige satsinger. Oppfølging av Læreplanverket for Kunnskapsløftet og *Strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringen 2005–2008* vil fortsatt være høyt prioritert.

### Felles mål for alle nasjonale senter, siterte frå oppdragsbrevet for 2008:

1. avdekke kompetansebehov
2. ha ansvar for at tilbud innen kompetanseheving blir praksisnære
3. formidle resultater fra forskning og utviklingsarbeid til praksisfeltet
4. spre kunnskap om gode metoder og arbeidsmåter
5. samarbeide med andre nasjonale sentre for å bidra til helhetlig innsats
6. koordinere nettverk for kompetanseutvikling på sine områder

Mål	Status og oppnådde resultat og ev. avvik	Relevant dokumentasjon og ev. referanse til nettadresse	Bindingar (økonomiske, ev. politiske, avtaler o.a.)
Avdekkje kompetansebehov	Kartlegging av sidemålsundervisninga.	<a href="http://udir.no/upload/Rapporter/sidemals_rapport_siste.pdf">http://udir.no/upload/Rapporter/sidemals_rapport_siste.pdf</a> (s. 27, 30, 33 og 34)	
Sikre praksisnær kompetanseheving	Konferanse i Oslo i januar ”Ny giv for nynorsk”	Sjå fleire detaljar i punkt 7.3 i årsmeldinga.  Sjå punkt 7.1 i årsmeldinga og	

	<p>Konferanse om språkstimulering i Bergen i april.</p> <p>Nettverksamarbeid NELVU – vurdering for læring.</p>	<p><a href="http://www.nynorsksenteret.no/konferanse2008/">www.nynorsksenteret.no/konferanse2008/</a></p> <p>Sjå tekst om prosjektet <a href="http://nelvu.hil.no/">http://nelvu.hil.no/</a></p>	
Formidle resultat frå FoU-verksemd	<p>FoU-verksemda vart formidla via vevsida, føredrag på konferansar og via blad.</p>	<p><a href="http://www.nynorsksenteret.no/rapportar">www.nynorsksenteret.no/rapportar</a> <a href="http://www.nynorsksenteret.no/blad/">www.nynorsksenteret.no/blad/</a> (sjå punkt 9 i årsmeldinga) <a href="http://www.nynorsksenteret.no/konferanse2008/">www.nynorsksenteret.no/konferanse2008</a> (sjå punkt 7.1 i årsmeldinga)</p>	<p>FoU-arbeidet er utført med støtte frå Nynorsksenteret.</p>
Spreie kunnskap om metodar og arbeidsmåtar	<p>Kunnskapen har vorte spreidd via vevsida, filmar og bladet.</p>	<p>Ressursbase for skulen: <a href="http://www.nynorsksenteret.no/ressursar">www.nynorsksenteret.no/ressursar</a> (sjå punkt 8 i årsmeldinga).          Filmar om god opplæring i nynorsk som sidemål: <a href="http://www.skuleipraksis.no/">www.skuleipraksis.no/</a> (sjå punkt 10 i årsmeldinga).          Bladet: <a href="http://www.nynorsksenteret.no/blad/">www.nynorsksenteret.no/blad/</a> (sjå punkt 9 i årsmeldinga).</p>	<p>Filmane er finansierte av Nynorsksenteret og utarbeidde i samarbeid med spesialistar på kvart felt.</p>
Samarbeide med andre nasjonale senter	<p>Samarbeid med Lesesenteret i NoLes-nettverket. Samarbeid med Framandspråksenteret om tiltaksplan o.a. Samarbeid med NAFO. Samarbeid med det nye Skrivesenteret som er under oppretting</p>		
Koordinere nettverk	<p>Samarbeid med Lesesenteret og HiHe om NoLes-nettverket.</p>	<p><a href="http://lesesenteret.uis.no/leseopplaering/noles/samlinger/article9165-4181.html">http://lesesenteret.uis.no/leseopplaering/noles/samlinger/article9165-4181.html</a></p>	

## 4. Spesifikke mål for Nynorsksenteret

Mål	Status og oppnådde resultat og ev. avvik	Relevant dokumentasjon og ev. referanse til nettside	Bindingar (økonomiske, evt politiske, avtaler o.a.)	Kommentarar
<b>Mål 1</b> Halde fram med etter- og vidareutdanningskurs for lærarar og lærarstudentar	Kurs for vgs. Kurs for lærarar i ungdomsskolen.  Kurs for lærarar på mellom- og barnetrinnet. Kurs for førskulelærarar.	Kursoversyn: www.nynorsksenteret.no/kurstilbod  <a href="http://hivolda.studiehaendbok.no/hivolda2/content/view/full/14066">http://hivolda.studiehaendbok.no/hivolda2/content/view/full/14066</a>  Sjå òg punkt 6 i årsmeldinga.	HVO ved Avdeling for Humanistiske fag og lærarutdanning	Samarbeider med Høgskulen i Volda om tilbod i nynorsk til lærarutdanninga (nettstudium)
<b>Mål 2</b> Setje i gang, følgje opp og evaluere forsøks- og utviklingsarbeid	FoU-prosjekt	Rapportar: www.nynorsksenteret.no/rapportar  Sjå òg punkt 5 i årsmeldinga.		Prosjekt knytte til praktisk nynorsksopplæring på alle trinn og i lærarutdanninga.
<b>Mål 3</b> Setje i gang tiltak som skal få barn og unge til å lese meir nynorsk	Les for meg  I praksis	www.nynorsksenteret.no/lesformeg (sjå òg punkt 11 i årsmeldinga)  www.skuleipraksis.no/ (sjå òg punkt 10 i årsmeldinga)		Antologi for barn frå 4 til 8 år, gitt til alle barnehagar og fyrsteklasser i heile landet. Nettside med opplegg, metodar og lesetips.  Filmar for betre opplæring i nynorsk som

				sidemål
<p><b>Mål 4</b></p> <p>Styrkje opplæringa i nynorsk som sidemål ungdomsskulen og den vidaregåande skulen</p>	Lærings-ressursar på nettet.	<p>Bladet</p> <p>Nynorskopplæring: www.nynorsksenteret.no/blad</p> <p>På Nynorsk: www.nynorsksenteret.no/kurs</p> <p>Tekstbasen: www.nynorsksenteret.no/tekstbasen</p> <p>Teikneseriar: www.nynorsksenteret.no/teikneseriar/</p> <p>Nynorskbok: <a href="http://www.nynorskbok.no/">www.nynorskbok.no/</a></p> <p>Lærerhandbok for Magasinet: www.magasinet.no</p>		

## 5. Forsking og utvikling

Prosjekttittel	Institusjon	Prosjektansvarleg	Tidsperspektiv
Nynorsk i paksis: lærarstudentar møter nynorskelevar	HiB, Avd. for lærarutdanning	Berit Bjørlo og Morten Rønning	2008/2009
God nynorsk i lærarutdanninga	HiT, Avd. for lærarutdanning	Ulf Christensen/Vibeke Lundby	2008/2009
Når nynorsk er sidemål	HiO, Avd. for lærarutdanning	Inger Vederhus	2008/2009

Rettskrivingsstudium av elevtekstar i nynorsk sidemål ved to vidaregåande skular på austlandet	UiO, ILS	Geir Wiggen	2008
Nynorsk på leselista	Ivar Aasen-instituttet	Hjalmar Eiksund	2008
Lærebøker i nynorsk i eit fag	Flekkefjord ungdomsskole	Oddvar Rossevatn/Oddbjørn Refvem Kontaktperson: Benthe Kolberg Jansson	2007/2009
Betre nynorskopplæring for åttandeklassingar	Lista ungdomsskole	Gaute Johannesen/Tone H.Fjellestad/Ole Flåto Kontaktperson: Benthe K. Jansson	2008/2011
a. Lesing på 10.steget: formidling av leseopplevingar og leseerfaringar b. Ungdom i tekst og rørsle	Tangenåsen ungdomsskole	Hanne Sigurdsson/Ellen Flognfeldt  Kontaktperson: Benthe Kolberg Jansson	2008/2009
Læring av nynorsk gjennom bruk av billedmedier og IKT	Åretta ungdomsskole	Asgeir Bjørklund/Elisabeth Lønning Bueie Kontaktperson: Hjalmar Eiksund	2008/2010
Ny norsk litteratur, på nynorsk	Førde ungdomsskule	Kjell Skaaheim/Arnstein Sandbakk Kontaktperson: Ingrid Slettevoll	2008
Ei allsidig lesing	Halbrend skule	Per Arne Furseth/ Anita Krakhellen Kontaktperson: Ingrid Slettevoll	2008/2010



Sjølvsagt les og skriv vi nynorsk	Volda ungdomsskule	Kai Raaberg/Anne Marie Holstad Kontaktperson: Ingrid Slettevoll	2007/2010
Leseglede	Ørsta ungdomsskule	Kari Buset/Mari Anne Aarskog  Kontaktperson: Janne Karin Støylen	2008
NY-norsk litteratur	Naustdal barne- og ungdomsskule	Kirsten Friis/Marit Varpe Kaasen  Kontaktperson: Janne Karin Støylen	2008/2011
Positive nynorskbrukarar	Feios skule	Werner Madsgård/Aud Marit Berge Feidje	2008/2009
Vi les, skriv og syng på nynorsk	Os skule	Anne F. Fristad/ Randi Trovåg Kontaktperson: Endre Brunstad	2008/2010
Grip boka med nynorskbøker	Gjerde skule	Marit Kulild Kontaktperson: Janne Karin Støylen	2008/2009
Leseglede	Sjernarøy skule	Solveig M.Hatletvedt/Marianne Mjølhus	2008
Store les for små	Ombo oppvekstsenter	Solveig M. Hatletvedt/ Else Norheim Kontaktperson: Janne Karin Støylen	2008/2009
Nynorsk tekstskaping i ulike sjanrar	Straumen skule	Inger Marie Tørresdal Kontaktperson: Ingrid Slettevoll	2008/2011
Leselyst og leseglede	Orre skule	Magnar Oma Kontaktperson: Janne Karin Støylen	2008/2009

Nynorsk språkopplæring med verkstadpedagogikk og tastatur	Kviteseid skule	Liv Sonja Flolid/Øyfrid Garborg Sande Aufles Kontaktperson: Benthe K. Jansson	2006/2010
Bibliotek	Vålen skole	Berit Solheim Kvernmo	2008
www.pirion	Stiftinga Pirion	Toyni Tobekk	2008
Nynorsk litteratur	Lundeneset vidaregåande skole	Anne Marie Røed	2008

### Doktorgradsprosjekt:

Kristin Kibsgaard Sjøhelle: Nynorsk i digital kommunikasjon

Rettleiarar: Frøydis Hertzberg og Synnøve Matre

## 6. Kurs-, undervisnings- og møteverksemd

### Anne Steinsvik Nordal:

Dato	Emne	Tilhøyrarar (ca.)	Arrangør
14. 01.	Aasen-instituttet	5	Aasen-instituttet
4.02	Seminar Aasen-instituttet	15	Aasen-instituttet
12.02	Digitale læringsressursar	5	HiSF
13.02	Møte med Samlaget	10	Samlaget
14.02 Universitetet i Oslo	Nynorsk som sidemål i vgs.	50	Nynorsksenteret
19.02 Volda	Møte med Norsk Målungdom v. Jens Kihl	4	Målungdommen
29.02 Volda; Rokken	Forskingseminar	40	HVo
5.03 Oslo	Nynorsk Forum		
12.03	Møte i Kunnskapsdep.	6	Nynorsksenteret/

Oslo			Utdanningsdir.
3.04 Volda	Møte om <i>Les for meg</i>	10	Avd. for kulturfag
9.04	Møte om vidareutdanning	15	Avd. for Humanistisk fag og lærarutd
17.04 Bergen	Konferanse om Språkstimulering	120	Nynorsksenteret
18.04 Bergen	Fagrådsmøtet	15	Nynorsksenteret
8.05 Volda	Møte om "Les for meg" forskningsprosjekt	15	Avd. for Kulturfag
19.05 Molde	Konferanse for førskulelærarar	45	Avd for Humanistisk fag og lærarutd
22.05 Volda	Videokonferanse Digitale læringsressursar	6	HiSF
27.05 Volda	Møte med Nordubb	4	Nordubb Avd for mediefag HVo
29. og 30.05 Gardermoen	Konferanse om lesing	20	
4.06	Konferanse Gje meir rom for lesing		
10.06 Oslo	Møte i udir Jorunn Holen	2	Udir
10.06 Oslo	Nettverk for kompetanse		Udir
11.06 Volda	Fagrådsmøte Ivar Aasen-instituttet	8	Ivar Aasen-instituttet
17.06 Volda	Instituttleiarsamling (innlegg)	20	HVo
26.06 Volda	Nynorsk Forum	15	Nynorsk Forum
26.06 Volda	Møte med Johan Todal		Høgskulen i Alta

10.07 Volda	Møte med Avd for Lærerutdanning Om språkstimuleringskurs for førskulen	9	HVo AHL
19.07 Stavanger	Møte med Lesesenteret Og Barnebokinstituttet Om konferanse	12	Lesesenteret Barnebokinstituttet Nynorsksenteret
27.07 Oslo	Møte i Nynorsk Forum	18	Nynorsk Forum
29.07 Gardermoen	Fellesmøte Med Lesesenteret Utdanningsdirektoratet	30	Lesesenteret Utdanningsdirektoratet Nynorsksenteret
1.08 Volda	Møte Nynorsk kultursentrum		Nynorskssenteret Aasentunet
8.08 Volda	Instituttleiarsamling HVo	20	HVo
11.08 Ørsta	Ope møte med Språkrådet	50	Nynorsk kultursentrum
16.08 Ålesund	Styreseminar for HVo	50	HVo
15.10 Oslo	Forum for nynorsk i skulen	12	Utdanningsdirektoratet
16 og 17.10 Gardermoen	NoLes-samling	25	NoLes
30. og 31.10 Gardermoen	Nettverk for skolebibliotek	30	Utdanningsdirektoratet
12.11 Volda	Møte i visjonsgruppa For Ivar Aasen- instituttet	8	HVo
17. og 18.11 Trondheim	Skrivekonferanse	100	HiST
27. og 28.11 Gardermoen	Møte alle nasjonale senter	40	Utdanningsdirektoratet
4.12 Oslo	Styringsdialog		Utdanningsdirektoratet

8.12	Fagdag for lærararutdanning	120	Hvo Kunnskapsdep.
Volda			

**Arild Torvund Olsen:**

5. februar: Innlegg om nynorske nettressursar på konferansen Den digitale allmenningen. Kongsberg.

**Benthe Kolberg Jansson:**

14. februar: Innlegg på seminaret om evalueringa av sidemålsforsøket i Oslo. Oslo. Nynorsksenteret

12. mars: Møte med KD v/statssekretær Rugtvedt og Jorunn Berntsen saman med Anne

17. april: Deltatt på den årlige konferansen til Nynorsksenteret. Bergen

25. april: "Lærebøker i KRL på nynorsk – kva seier elevane?" Innlegg på forskerkonferanse om lesing av fagtekster i skolen og læremiddelsituasjonen etter LK06. Tønsberg. Høgskolen i Vestfold

15. august: "Lærebøker på nynorsk – korfor det, da?". Presentasjon for lærarkollegiet ved Holmlia skole, Oslo kommune

24. september: " Korleis skal vi vurdere om elevane har nådd kompetansemåla i nynorsk? Vurdering av elevtekster". Innlegg på seminar for prosjektskolar, arrangert av Nynorsksenteret. (Også med i arrangementskomiteen)

16. – 17. oktober: Deltatt på NOLES-samling

4. november: "Med rett til fritak frå vurdering i sidemål". Innlegg på den internasjonale konferansen *Lærermangfold i en flerkulturell skole – utfordringer og muligheter for lærerutdanningen*. Hamar, Høgskolen i Hedmark

14. november: Kurs i nynorskdidaktikk for norsklærarar i vidaregåande skole i Oslo. Oslo kommune.

18. november: "Står fritak for vurdering i sidemål i vegen for ei inkluderande skriveopplæring?".

Innlegg på konferansen *Skriveopplæring i "kunnskapssamfunnet?"*

*Nordisk konferanse om skrivning som grunnleggende ferdighet og utfordring i utdanning og yrkesliv.*

Trondheim, i Sør-Trøndelag

27.-28. november: Deltatt på samlingsseminar for dei nasjonale sentra. Utdanningsdirektoratet.

Gardermoen.

**Ingrid Slettevoll:**

10.01.08 Forelesing om Lesestrategiar for Norsk 2: 4 timar ( HVO, Pål Hamre)

21.01.08 Kurs og rettleiing for FoU-skular: Sørlandsturné

22.01.08 Flekkefjord ungdomsskule

23.01.08 Lista ungdomsskule

28.01.08 Kursdag om lesestrategiar for Øyra skule, 1.-7.klasse (Volda kommune, heil dag)

12.03.08 Innleiing på konferansen ”Skolen i takt med tida” i Haugesund ( nasjonal konf.)

08.04.08 Kurs for Flekkfjord kommune ( 150 lærarar)

17.04.08 Nynorsksenteret sin konferanse i Bergen

13.05.08 Vurderingsgruppa på seminar med Kari Smith ved UiB

15.05.08 Nynorsk i arbeidet, kurs for DIFI

16.05.08 Nynorsk i arbeidet, kurs for DIFI

20.05.08 Forelesing for førskulestudentar om Les for meg!: (HVO, Irene G. Hareide)

21.05.08 Evalueringmøte med lærarane i prosjektgruppa på Volda ungdomsskule

22.05.08 Forelesing for lærarstudentar om Les for meg!: (HVO, Irene G. Hareide)

28.05.08 Telefonmøte med fagråd om FoU-søknader

13.06.08 Møte om revidering av læreplanen i norsk (Kunnskapsløftet)

11.08.08 Arbeidsseminar om vurdering (HVO)

12.08.08 Arbeidsseminar om vurdering (HVO)

13.08.08 Kursdag for lærarane i Bremanger kommune (Lesestrategiar)

27.08.08 Skriveverkstad for medielina: 6 timar (HVO, Liestøl)

03.09.08 Skriveverkstad for medielina: 6 timar (HVO, Liestøl)

15.09.08 Kursdag for Norrdal, Stranda og Sykkylven kommune ( lesestrategiar)

16.09.08 Vurderingsprosjekt for skulane i Volda kommune (oppstartssamling)

18.09.08 Vurderingsprosjekt for skulane i Ørsta kommune (oppstartssamling)

23.09.08 Møte om seminar med FoU-skulane (Benthe K.Jansson m.fl.)

24.09.08 Seminaret for FoU-skulane (ansvar for program og arrangement)

25.09.08 Seminaret for FoU-skulane (ansvar for program og arrangement)

16.10.08 NOLES i Oslo

17.10.08 NOLES i Oslo

30.10.08 Innlegg på nettverkssamling for Vikemarka – Hovden ( 6 timar)

31.10.08 Forelesing om Lesestrategiar for Norsk 2: 4 timar (HVO, Pål Hamre)

04.11.08 Nynorsk kurs for Tollverket (avtalt dato, og førebudd, men utsett til vårsemesteret)

17.11.08 Innlegg på nettverkssamling for Folkestad – Øyra (6 timar)

27.11.08 Nasjonale senter i møte med Utdanningsdirektoratet

28.11.08 Møte med Utdanningsdirektoratet

04.12.08 Nynorsk i arbeidet, todagars kurs for DIFO

05.12.08 Nynorsk i arbeidet, DIFO

<b>Kurs og møteverksemd – Hjalmar Eiksund</b>			
Høgskulen i Sogn og Fjordane, 21. februar	Oppstartsmøte – NUV-prosjekt	5	Sogndal
Høgskolen i Sør-Trøndelag, 12. mars	Informasjon om nettressursane for masterstudantar ved HiST	8	Trondheim
Høgskulen i Sogn og Fjordane, 22. mai	Telefonmøte – UDIR-rapport	5	Volda/Sogndal
Høgskulen i Sogn og Fjordane, 23. mai	Telefonmøte – UDIR-rapport	2	Volda/Sogndal
Høgskulen i Sogn og Fjordane, 9. september	Arbeidsmøte – NUV-prosjekt	6	Sogndal
Høgskulen i Volda, 25. september	Seminarinnlegg – FoU	30	Volda
Mercator – European Research Centre on Multilingualism and Language Learning, 5.-7. november	Seminarinnlegg – A Multifaceted Perspective on Teaching Materials in Multilingual Education	60	Leeuwarden, Nederland
Høgskulen i Sogn og Fjordane, 11. november	Arbeidsmøte – NUV-prosjekt	6	Sogndal
Høgskulen i Sogn og Fjordane, 17. desember	Telefonmøte – NUV-prosjekt	6	Volda/Sogndal

### **Janne Karin Støylen:**

<b>Stad</b>	<b>dato</b>	<b>Oppdragsgjevar</b>	<b>Innhald</b>	<b>Deltakarar</b>
Volda	11.01.2008	Høgskulen i Volda, ALU	5 timar	30
Bergen	14.02.2008	Høgskulen i Bergen, ALU	3 timar	30
Sogndal	14.04.2008	Biblioteksentralen/utdanningsavdelinga sfj	5 timar	40
Liadal	16.04.2008	Liadal barnehage	1 time	40
Hovdebygda	26.06.2006	Nynorsk kultursentrum	3 timar	80
Davik	13.08.2008	Interkommunalt, Nordfjord Høgskulen i Bergen, kurs for	5 timar	60
Bergen	09.09.2009	vesttlandsfylka	2 timar	120
Volda	24.09.2009	Nynorsksenteret, FOU seminar	1 time	50
Kristiansand	17.10.2008	Sørlandske lærarstemna	1 time	60
Åmås	23.10.2008	Åmås friskule	1 time	40
Volda	31.10.2008	Høgskulen i Volda, ALU	5 timar	40
Bergen	12.11.2008	Høgskulen i Bergen	3 timar	20
Ørsta	27.11.2008	Ørsta folkebibliotek	4 timar	60



## **7. Seminar og konferansar**

### **7.1 Konferansen *Språkstimulering***

Torsdag 17. april 2008 arrangerte Nynorsksenteret konferansen *Språkstimulering* i Bergen. Frå ulike innfallsvinklar tok fagfolk og forfattarar føre seg korleis borna kan ta dei første stega inn i den nynorske skrifta. Det var kring 140 påmelde på konferansen. På konferansesida ligg det ute filmar av alle innlegga frå konferansen:

[www.nynorsksenteret.no/konferanse2008/](http://www.nynorsksenteret.no/konferanse2008/)

### **7.2 Seminar for FoU-skular**

For å få til ei tettare oppfylging av FoU-prosjekta valde Nynorsksenteret å satse på eit todagars seminar i Volda der alle skulane som har fått tildelt pengar i 2008 vart inviterte. Det var stor interesse for seminaret og deltakarane drog derifrå med ny inspirasjon til å halde fram arbeidet med nynorsk i sitt eige klasserom.

### **7.3 Sidemålsseminar i Oslo**

Etter at forsøket med fritak for vurdering i skriftleg sidemål ved ni vidaregåande skular i Oslo var avslutta, meinte Nynorsksenteret det trongst motivasjon og ny giv for nynorskopplæringa i hovudstaden. Nynorsksenteret arrangerte eit seminar på Universitetet på Blindern 14. februar med over femti deltakarar. Innleiarar på seminaret var førsteamanuensis Laila Aase frå Universitetet i Bergen, professor Kjell Lars Berge frå Universitetet i Oslo og forskarane Nils Vibe og Jorunn Spord Borgen frå Nifu Step.

Seminaret stilte med eit solid panel med nynorskspesialistar: Synnøve Matre, Endre Brunstad, Benthe Kolberg Jansson, Hege Myklebust og Synnøve Skjong kom med sine innspel til temaet på seminaret.

## **8. Vevsidene**

Nynorsksenteret har halde fram med å utvikle vevsidene sine i 2008. Hovudsidene, [www.nynorsksenteret.no](http://www.nynorsksenteret.no), er oppdaterte og haldne ved like, men det største arbeidet på vevsidfronten i 2008 har vore etablering og lansering av fleire nye vevsider.

*Teikneseriar* ([nynorsksenteret.no/teikneseriar](http://nynorsksenteret.no/teikneseriar))

Samansette tekstar som til dømes teikneseriar er ein viktig del av Kunnskapslyftet. Nynorsksenteret fekk attendemeldingar frå lærarar om at dei ikkje greidde å finne fram til gode nynorske teikneseriar som høver til bruk i norskfaget. Difor byrja Nynorsksenteret våren 2008 å utvikle ein vevstad som samla nynorske teikneseriar og teikneserierelaterte ressursar til skulebruk. Teikneserievevstaden vart lansert i august 2008, og har vorte utvida jamt og trutt gjennom heile haustsemesteret.

*Nynorsk bok.no*

Veivstaden Nynorsk bok.no presenterer tips til nynorsk litteratur for ulike aldersgrupper. Sida vart lansert på slutten av 2007, og har vorte oppdatert gjennom heile 2008.

*Les for meg! (nynorsksenteret.no/lesformeg)*

I samband med utgjevinga av barnebokantologien *Les for meg!* laga Nynorsksenteret eigne vevsider retta mot førskulelærarar og lærarar som underviser dei yngste i barneskulen. I byrjinga hadde sidene i hovudsak berre informasjon om antologien, men etter kvart er dei utvida med tematisk sorterte lesetips, peikarar til relevante ressursar og filmar frå språkstimuleringskonferansen Nynorsksenteret hadde i Bergen våren 2008.

*Tekstbasen (nynorsksenteret.no/tekstbasen)*

Nettstaden *Tekstbasen* er ei samling av nynorske sakprosaetekstar til bruk i grunnskulen og i vidaregåande skule. Tekstane er autentiske tekstar henta frå ulike aviser, blad og nettstader, og viser mange ulike sjangrar og stiltpar. Tekstane er plukka frå ulike aviser og magasin med medvite forhold til nynorsk og er i hovudsak autentiske nyheitstekstar.

*På nynorsk (nynorsksenteret.no/kurs)*

Det internetbaserte undervisningsopplegget *På nynorsk* er ikkje vorte endra i 2008. Brukartala er stigande, og det er kan hende på tide å revidere opplegget, mellom anna ved å integrere fleire av dei nye nettressursane til senteret.

*Arbeidsgrammatikk for minoritetsspråklege (nynorsksenteret.no/grammatikk)*

På vevsidene våre ligg det ute ein nynorsk arbeidsgrammatikk for minoritetsspråklege. Grammatikken ligg i PDF-format til gratis nedlasting for brukarane, og brukartala tyder på at grammatikken er teken i bruk òg utanfor norskopplæringa for minoritetsspråklege.

### **Brukartal for vevsidene i 2008**

Talet på unike brukarar har i 2008 auka for alle sidene til Nynorsksenteret. I tillegg kjem dei nye vevsidene som senteret har lansert i året som gjekk.

Nynorsksenteret.no: 28 660 unike brukarar (36 % auke frå 2007)

På nynorsk: 28 527 unike brukarar (39 % auke frå 2007)

Nynorsk bok.no: 9 469 unike brukarar (lansert desember 2007)

Nynorsksenteret.no/teikneseriar: 5 645 unike brukarar (lansert august 2008)

Tekstbasen: 5 994 unike brukarar (lansert februar 2008)

Arbeidsgrammatikk for minoritetsspråklege: 5 936 unike brukarar (185 % auke frå 2007)

Les for meg!: 1 331 unike brukarar (lansert mai 2008)

## **9. Bladet *Nynorskopplæring***

Bladet *Nynorskopplæring* inneheld undervisningstips og bakgrunnsstoff for lærarar som underviser i nynorsk. Det kom tre nummer av bladet i 2008. Tema for nummera var nynorsk for dei minste, digitale læringsressursar og samansette tekstar. I tillegg til at Nynorsksenteret sender ut bladet til ulike skular, alt etter kva temaet for bladet er, er det råd for lærarar og andre å tinga bladet direkte.

Alle nummera av bladet ligg ute på [www.nynorsksenteret.no/blad/](http://www.nynorsksenteret.no/blad/)

## **10. Filmpakken *i praksis: nynorsk som sidemål i grunnskulen***

Snøball film har med stønad frå Nynorsksenteret laga til i overkant av tjue filmar. Filmene syner undervisningspraksis. Målet er å inspirere lærarar og lærarstudentar til å diskutere fagdidaktikk og til å tenkje nytt om undervisninga i sidemål. Materiellet skal kunne brukast på seksjonsmøte, fagdagar, i lærarteamet og til sjølvstudium. Vevsida med filmene hadde 35 000 sidevisingar i 2008. I tillegg til at filmene ligg ute på nettet, er det laga ein DVD-pakke med filmene. Denne pakken er sendt ut til alle lærarhøgskular og skular med ungdomssteg.

Filmene ligg ute på [www.skuleipraksis.no](http://www.skuleipraksis.no)

## **11. Les for meg!**

Boka *Les for meg!* er ein antologi med nyare nynorske tekstar for born. Ho er laga etter initiativ frå Nynorsksenteret, og ho er gjeven ut på Det Norske Samlaget. Våren 2008 gav Nynorsksenteret antologien i gåve til alle barnehagane og fyrsteklassane i landet. Redaktør for boka har vore Petra J. Helgesen. Redaksjonsgruppe for boka: Berit Huse, Åse Leikanger, Ingeborg Mjør, Ingrid Slettevoll, Janne Karin Støylen, Ragnfrid Trohaug, Guri Vesaas og Ragnhild Ås.

Arbeidet med boka har òg skapt ringverknader, sjå til dømes punkt 14.4 i årsmeldinga.

## 12. Fagrådet

Fagrådet for Nynorsksenteret vart oppretta i oktober 2005. Rådet skal vere med i utforminga av arbeidet ved Nynorsksenteret. Rådet skal representere både geografisk og fagleg spreing og er meint som ein del av det faglege fundamentet for Nynorsksenteret, som samarbeidspartnarar og som del av den nasjonale strategien for senteret. Ein har som målsetting at Fagrådet skal ha minst eitt møte per år. Nynorsksenteret og den administrative leiinga ved Høgskulen i Volda er godt nøgde med samansetjinga av rådet. Jan Olav Fretland frå Høgskulen i Sogn og Fjordane er leiar i fagrådet. Rådet er samansett slik:

Jan Olav Fretland, førsteamanuensis Høgskulen i Sogn og Fjordane, leiar i fagrådet

Anne Øie, dekanus ved lærarutdanninga ved Høgskulen i Volda

Jan Inge Sørnbø, professor ved Ivar Aasen-instituttet

Torgeir Dimmen, lektor ved Avdeling for mediefag ved HVO

Ottar Grepstad, direktør ved Nynorsk kultursentrum, Ivar Aasen-tunet

Hilde Osdal, høgskulelektor og arbeider ved Norsk for utanlandske studentar ved HVO

Karin Heggen, skulesjef i Volda kommune

Anne Marie Holstad, norsklærer Volda ungdomsskule

Synnøve Skjong, førstelektor ved Høgskolen i Oslo

Endre Brunstad, førsteamanuensis ved Universitetet i Bergen

Synnøve Matre, førsteamanuensis ved Høgskolen i Sør-Trøndelag

Trond Trosterud, forskar ved Universitetet i Tromsø

Anne Steinsvik Nordal, leiar ved Nynorsksenteret

## 13. Personalsituasjonen

Nynorsksenteret har per 31.12.08 elleve tilsette. Fire av desse er i heil stilling.

Leiar:

Anne Steinsvik Nordal

Faglege stillingar:

Ingrid Slettevoll

Kristin Kibsgaard Sjøhelle (stipendiat)

Janne Karin Støylen – 50 % stiling

Hjalmar Eiksund – ca. 50 % stilling frå 1. august 2008

Benthe Kolberg Jansson – 50 % stilling, arbeidsplass Høgskolen i Østfold

Endre Brunstad – 20 % stilling, arbeidsplass UiB

Marit Wadsten – 50 % stilling frå 1. august 2008

Stig Helset – 30 % stilling frå 1. august 2008

Administrative stillingar:

Arild Torvund Olsen

Roger Ole Rangsæter – 50 % stilling

Elles har Nynorsksenteret leigt inn arbeidskraft mellom anna til arbeid med nettstaden, skriving i bladet som me sender ut og til språkvask.

## 14. Anna verksemd

### 14.1 Samarbeid med Utdanningsdirektoratet

*Forum for nynorsk i opplæringa*, som Utdanningsdirektoratet har ansvar for, har hatt to møte i 2008.

Etter forslag frå Utdanningsdirektoratet skal forumet i framtida vere leia av Nynorsksenteret, men med møtestad i Utdanningsdirektoratet.

I 2008 var Nynorsksenteret med på møte med direktoratet som særleg gjaldt samordning av dei nasjonale sentra som har utgangspunkt i norskfaget.

### 14.2 Samarbeid med Noles-nettverket

Lesesenteret har teke over ansvaret for koordinering av lærarutdanningsnettverket Noles, men HiHe og Nynorsksenteret har halde fram som medarbeidarar i koordineringsarbeidet. Det har vore regelmessige telefonmøte om aktiviteten i nettverket, og nettverket har hatt to konferansar i 2008: 29. og 30. mai og 16. og 17. oktober, begge konferansane på Gardermoen. Også i år lyste Noles ut midlar i samband med tiltak 12 i *Gi rom for lesing*.

### 14.3 Samarbeid med Ivar Aasen-instituttet

Nynorsksenteret samarbeider med Ivar Aasen-instituttet på fleire område. Fagleg samarbeider ein ved at tilsette på Nynorsksenteret underviser på masterstudiet, og tilsette ved Nynorsksenteret har òg teke på seg rettleiing av masterstudentar. Studentar som skriv norskdidaktiske oppgåver har fått stipend frå Nynorsksenteret, og nokre oppgåver er tilgjengelege på nettstaden til Nynorsksenteret. Nynorsksenteret har arbeidd aktivt for å få til forskingssamarbeid med Aasen-instituttet.

### 14.4 Samarbeid med andre avdelingar på Høgskulen i Volda

Prosjektet Les for meg! ved Avdeling for kunst og kulturfag i samarbeid med Avdeling for mediefag er ei vidareføring av arbeidet med antologien som me har fått utgitt ved Nynorsksenteret. Det har vore svært interessant å vere med på prosessen frå å plante idear til å sjå framsyningar og ferdige undervisnings-/forskningsopplegg ved HVO. *Les for meg!* har vist seg å vere ei rik kjelde til nyskaping, og endå eit spennande prosjekt er no starta opp der Avdeling for mediefag og Steinar Høydal med eige firma (også deltakar i Les for meg!-gruppa) har inngått ein partnerskapsavtale om medieprosjektet «Høyr og sjå!». Gunnar Strøm er prosjektleiar, og ulike animatørar er i gang med å gje liv til teikningane til tekstar i boka Les for meg! Figurane i produksjonane skal også få røyser og tekstane bli lesne på nynorsk og bli tilgjengelege på Nynorsksenteret sine nettsider.

Boka Les for meg! har også vekt stor interesse i førskule- og lærarutdanninga ved HVO. Boka er no med på pensumlista i utdanninga deira. Det er svært viktig å nå framtidige lærarar med informasjon som kan gi dei inspirasjon til å ta i bruk ressursane våre.

Kompetanseheving i vurdering er eit stort prosjekt ved HVO som omfattar både tileigning av eigenkompetanse i vurdering for læring og vurdering av læring. Nynorsksenteret er med i prosjektet. Høgskulen har også gjort avtalar med ulike kommunar om å gi etterutdanning i vurdering til lærarar i grunnskulen. Fleire kommunar er i gang med eit aksjonslæringsprosjekt der HVO er ansvarleg for opplegget.

#### 14.5 Samarbeid med andre nynorskinstitusjonar

I 2008 har Nynorsksenteret og Nynorsk kultursentrum hatt eit positivt samarbeid. Ivar Aasen-tunet har høvelege lokale til både faglege og festlege samkomer, noko som Nynorsksenteret har gjort seg nytte av fleire gonger. Dei to institusjonane har hatt planleggingsmøte for å samarbeide og koordinere aktiviteten, og samarbeider kontinuerleg gjennom Forum for nynorsk i skulen (Utdanningsdirektoratet). Nynorsksenteret samarbeider òg med ei rekkje nynorskorganisasjonar gjennom Nynorsk forum, som er eit forum som arbeider for å samordne og diskutere felles aktivitetar for organisasjonar som arbeider med eller for nynorsk. Desse er medlemmer:

- Bondeungdomslaget i Oslo
- Dag og Tid
- Det Norske Samlaget
- Det Norske Teatret
- Ivar Aasen-instituttet
- Kringkastingsringen

- Landssamanslutninga av nynorskkommunar
- Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa
- Noregs Mållag
- Noregs Ungdomslag
- Norsk Barneblad
- Norsk Målungdom
- Norsk Ordbok
- Norsk Plan
- Norske Lagsbruk
- Nynorsk kultursentrum
- Nynorsk mediesenter
- Nynorsk pressekontor
- Riksfondet for nynorsk presse

#### 14.6 Intern kompetanseheving

Dei tilsette har vore med på kurs og konferansar på dei fagområda dei arbeider med (sjå tabell med aktivitet for dei tilsette) og ut frå behov og interesser. Senteret har betalt kursavgift, reise og opphald i slike tilfelle.

Ti av dei tilsette på Nynorsksenteret var i mai på studietur til Island. Me fekk interessante forelesingar både om språksituasjonen på Island, Islands Språknevnd og om Handskriftsamlinga. Nynorsksenteret vitja både Universitetet og Nordens Hus i Reykjavik, og i tillegg Tingvellir og Gullfoss. Turen var svært vellukka både fagleg og sosialt.

## 15. Rekneskap

(sjå eige dokument)